

– Store sjansar for auke i folketalet og næringslivet

– Ørsta har store mulegheiter til å trekkje til seg kompetent arbeidskraft i framtida.

Dette hevda næringsjefen i Ørsta, Odd Magne Vinjevoll, på medlemsmøtet i Ørsta Rotaryklubb. Og nøkkelen ligg i å marknadsføre seg og skape nære band til den maritime klyngje på ytre Sunnmøre, og å skape eit attraktivt lokalsamfunn å busetje seg i.

Moderne tankegang på 1950-talet

Ørsta har vore ei industribygd frå kraftutbygginga tok til i 1915. Og på 1950-60-70-talet var møbel, trikotasje og stålindustri store industriarbeidsplassar. Og kvifor var det naturleg at så mange bedrifter samlokaliserte seg i Ørsta? Næringsjefen meiner at det var eit miljø som blei skapt, ikkje ulikt den maritime klyngja som vi har på ytre Sunnmøre i dag. Og slike miljø er viktige når ein skal hevde seg i den internasjonale konkurransen.

Næringslivet i Ørsta er samansett av 370 aksjeselskap, enkeltpersonføretaka inkludert har vi 1.000 føretak som er registrert i Ørsta. Når ein ser bort frå dei 775 tilsette i helse/sosial i Ørsta kommune, så er det flest tilsette i industrien og i varehandelen, med CA 600 tilsette kvar. Innanfor varehandelen har det vore ein stor auke siste åra.

Tyngdepunkt for bygg og anlegg

Bygg og anlegg har 440 tilsette, og denne bransjen representerer eit klart tyngdepunkt for Søre Sunnmøre. Det var derfor uforståeleg når fylkeskommunen i vår foreslo å flytte vidaregåande opplæring for bygg og anlegg til Herøy. Dette blei stansa, noko som er avgjerande for nødvendig rekruttering til bransjen. Næringsjefen meiner at ein i staden for å bygge ned vidaregåande skule, heller bør arbeide for ny vidaregåande skule på Mosflata, kanskje i kombinasjon med fleirbruks-hall. Ulstein kommune har greidd det – og det burde ikkje vere nokon grunn til at Ørsta ikkje skulle greie det same.

På plassane deretter kjem transport (300), landbruk (195) og eigedom/service (150). Landbruket har fått halvert mengd personar som driv siste ti åra, men Ørsta er framleis



Medlemmene i Ørsta Rotaryklubb stilte spørsmål ved om den tradisjonelle industrien er liv laga i Ørsta.

nest største landbrukskommunen i Møre og Romsdal. Og produksjonen har ikkje blitt redusert, noko som tyder på større og meir effektive einingar.

Ørsta har fleire hjørnesteinsbedrifter med mange tilsette: Vik Ørsta (210 tilsette), Fora Form (67), Grøvik Verk (25), Vartdal Plast (120), Bjørndal Industrier (25-30), Tine Meierier (60-70), Tussa (300) og oppdrettsnæringsringa generelt.

Medlemmene i Ørsta Rotaryklubb stilte spørsmål ved om den tradisjonelle industrien er liv laga, eller møter same skjebnen som Grepa gjorde for nokre få år sidan. Vinjevoll meiner at det framleis er behov for denne industrien. Men for å kunne overleve må bedriftene akseptere behovet for fornying og det å bruke pengar på produktutvikling. Fora Form er eit godt eksempel på ei bedrift som i fjor oppnådde det beste året sitt, og til og med eksporterer dyre stolar til Japan, gran-

nelandet til prispressaren Kina.

Konkurrerer når dei må

På ytre Sunnmøre, og særleg i Ulsteinvik, har det bygt seg opp ei maritim klyngje. Denne klyngja har greidd å samle kompetanse, spesialisering og ein stor lokal underskog av leverandørar, som samarbeider når dei kan, og konkurrerer når dei må. Dette er i tillegg ein attraktiv arbeidsmarknad.

Etter Vinjevoll sitt syn er det å auke kontakten mellom næringslivet i Ørsta og den maritime klyngja viktig for framtida til næringslivet i Ørsta. Her er det stort potensial for dei næringsdrivande.

– Det er unaturleg at Hornindal og Stryn skal vere sterkt representerte i klyngja, medan Ørsta og Volda er dårleg representerte. Her må lokalt næringsliv kjenne si gjestings-tid, sa Vinjevoll.

Arbeidsmarknad på 60.000

Med ein arbeidsmarknad på 60.000 innbyggjarar innanfor ein time reiseavstand, så ligg Ørsta midt i smørauget, i fylgje Vinjevoll. Ei slik sentral plassering gjer at Ørsta ligg til rette for å bli ein stor bukommune. Men for at dette skal skje, så må fundamentet vere på plass, hevda næringsjefen, og ramsar opp: gode oppvekstvilkår, fritidsaktivitetar, kulturarrangement, ungdomstilbod, sosiale møteplassar og urbane kjennetrekke.

– Mykje av dette er allereie på plass, hevda Vinjevoll, og viser bla på dei mange daglege flyavgangane til Oslo, men peiker også på faren når det blir trua med nedlegging av Kaihuset.

I hjartet av Sunnmørsalpane


Reiseliv og turisme har eit stort potensial i Ørsta. Her er vi unike og her vil investeringar bli varige.

– At Hurtigruta no legg turen til Hjørundfjorden to månader i haust har ualminneleg stor betydning. Då dette blei lansert, så blei det omtalt i 70 norske aviser, 50 journalistar var til stades og det gav ei ubeskriveleg stor marknadsføring. No har vi mulegheita til å samanlikne oss med Lofoten når det gjeld opplevingar og natur. Og neste trekk kan kanskje bli vinterturisme, med dei store mulegheitene det kan gi for både skisenteret, hotella mv, sa Vinjevoll.

Store mulegheiter

På lista over dei største mulegheitene til næringslivet i Ørsta, er dette dei største, meiner næringsjefen:

- Marknadsføring og relasjonsbygging mot maritimt område lokal industri.
- Bygge lokalsamfunn som er attraktive for busetjing.
- Tilrettelegge og satse på turistnærings; investeringar i verdiar knytt til lokalsamfunnet.
- Satse på skule og kompetanse for seinare å stimulere til etablering i heimbygda.



Ørsta har store mulegheiter for å bli ein attraktiv bukommune med auke i både folketal og næringsliv, hevda næringsjef Odd Magne Vinjevoll på rotarymøtet.